

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
011/16	Plan- og kommunalteknisk utval	PS	10.02.2016
026/16	Formannskapet	PS	17.02.2016
008/16	Eldrerådet	PS	23.02.2016
004/16	Rådet for funksjonshemma	PS	01.03.2016

Saksbehandlar	ArkivsakID
Jostein Klette	14/3495

Kommunedelplan for sjø og strandsone 2016-2025 - 1. gongs offentleg ettersyn

Vedlegg:

VEDLEGG 1 PLANSKILDRING

VEDLEGG 2 FØRESEGNER

VEDLEGG 3 PLANKART KDP 20160127

VEDLEGG 4 KONSEKVENSUTGREIING

VEDLEGG 5 NATURMANGFALD

VEDLEGG 6 TEMA KART FRILUFTSLIV

VEDLEGG 8 RAPPORT FUNKSJONELL STRANDSONE

VEDLEGG 7 TEMA KART RAS 20160128_2

VEDLEGG 9 INNKOMNE MERKNADAR

VEDLEGG 10 OVERSIKT ENKELTINNSPEL

UTKAST KART

1. Plan- og kommunalteknisk utval tilrår Formannskapet å leggja Kommunedelplan for sjø og strandsone (Sjø- og strandsoneplanen), planID 12532010001, med tilhøyrande dokument vedlegg 1 til 8 ut til fyrste gongs høyring og offentleg ettersyn, jf. PBL § 11-14.

2. Plan- og kommunalteknisk utval tilrår Formannskapet å opna for ny innspelsrunde innafor rammene sett i vedteke planprogram for Kommunedelplan for sjø- og strandsone i same periode som offentleg ettersyn av planen.

3. Plankart og føresegner for Kommunedelplan for sjø- og strandsona skal erstatte gjeldande plankart og føresegner tilhøyrande Kommuneplanen sin arealdel, planID 12532010001. Plan- og kommunalteknisk utval tilrår Formannskapet å leggja endra føresegner og plankart for kommuneplanen sin arealdel ut på avgrensa høyring og offentleg ettersyn til offentlege styresmakter.

4. Plan- og kommunalteknisk utval tilrår Formannskapet å vedta oppstart av prosess for oppheving av Kommunedelplan for kystsona 1997-2007 Osterøy kommune, planID 20010101 ,jf. PBL § 11-17.

Plan- og kommunalteknisk utval - 011/16

PL - behandling:

Det vart halde pause i drøftingane frå kl. 14.25 - kl. 14.35 med gruppemøte for H og FRP og frå kl.

15.00 - kl.15.05 med gruppemøte for AP

Siren Tyssebotn, FRP, gjorde slikt framlegg: "Innspela 19, 21 og 35 blir endra frå ikkje tilrådd til tilrådd."

AVRØYSTING

S. Tyssebotn sitt framlegg fall med 5 røyster (1H,2AP, 1MDG,1KRF) mot 2 røyster

(2FRP)

Rådmannen sitt framlegg vart tilrådd med 5 røyster (1H,2AP, 1MDG,1KRF)

mot 2 røyster (2FRP)

PL - vedtak:

1. Plan- og kommunaltekniske utval tilrår Formannskapet å leggja Kommunedelplan for sjø og strandsone (Sjø- og strandsoneplanen), planID 12532010001, med tilhøyrande dokument vedlegg 1 til 8 ut til fyrste gongs høyring og offentleg ettersyn, jf. PBL § 11-14.
2. Plan- og kommunaltekniske utval tilrår Formannskapet å opna for ny innspelsrunde innafor rammene sett i vedteke planprogram for Kommunedelplan for sjø- og strandsone i same periode som offentleg ettersyn av planen.
3. Plankart og føresegner for Kommunedelplan for sjø- og strandsona skal erstatte gjeldande plankart og føresegner tilhøyrande Kommuneplanen sin arealdel, planID 12532010001. Plan- og kommunaltekniske utval tilrår Formannskapet å leggja endra føresegner og plankart for kommuneplanen sin arealdel ut på avgrensa høyring og offentleg ettersyn til offentlege styresmakter.
4. Plan- og kommunaltekniske utval tilrår Formannskapet å vedta oppstart av prosess for oppheving av Kommunedelplan for kystsona 1997-2007 Osterøy kommune, planID 20010101 ,jf. PBL § 11-17.

Formannskapet - 026/16

FS - behandling:

Jon Flydal Blichfeldt, MDG, gjorde slikt framlegg: "Alle 8 anlegg som i dag har konsesjon for produksjon av matfisk får 0 areal for vidare drift."

Pkt. 6.9 - 6.13 under føresegner: For alle område i fjordane kring Osterøy: Det skal ikkje vera utslepp av organiske partiklar til resipienten."

Det vart halda pause i drøftingane med gruppemøte for V, MDG, KRF og SP

AVRØYSTING

Jon F. Blichfeldt sitt framlegg 1 -fall med 8 røyster mot 1 røyst (1MDG)

Jon F. Blichfeldt sitt framlegg 2 - fall med 8 røyster mot 1 røyst (1MDG)

Innstilling frå plan- og kommunal-

teknisk utval - samråystes

Protokolltilførsel

KRF, MDG, V og SP fekk høve til å gi slik protokolltilførsel: "KRF, MDG, V og SP er skeptiske til veksten i areal for akvakulturanlegg og miljøkonsekvensen dette kan gje."

FS - vedtak:

1. Plan- og kommunalteknick utval tilrår Formannskapet å leggja Kommunedelplan for sjø og strandsone (Sjø- og strandsoneplanen), planID 12532014007, med tilhøyrande dokument vedlegg 1 til 8 ut til fyrste gongs høyring og offentleg ettersyn, jf. PBL § 11-14.
 2. Plan- og kommunalteknick utval tilrår Formannskapet å opna for ny innspelsrunde innafor rammene sett i vedteke planprogram for Kommunedelplan for sjø- og strandsone i same periode som offentleg ettersyn av planen.
 3. Plankart og føresegner for Kommunedelplan for sjø- og strandsona skal erstatte gjeldande plankart og føresegner tilhøyrande Kommuneplanen sin arealdel, planID 12532010001. Plan- og kommunalteknick utval tilrår Formannskapet å leggja endra føresegner og plankart for kommuneplanen sin arealdel ut på avgrensa høyring og offentleg ettersyn til offentlege styresmakter.
 4. Plan- og kommunalteknick utval tilrår Formannskapet å vedta oppstart av prosess for oppheving av Kommunedelplan for kystsona 1997-2007 Osterøy kommune, planID 20010101, jf. PBL § 11-17.

Eldrerådet - 008/16

ELD - behandling:

Kommuneplanleggjar Jostein Klette orienterte om planen og svarte på spørsmål frå rådet.

ELD - vedtak:

AVRØYSTING

"Kommunedelplan for sjø og strandsone 2016 - 2025 vert teken til førebels orientering."

Saksopplysningar:

Saksopplysning:

Føremål

Føremålet med planarbeidet er å få på plass eit godt styringsverktøy for arealforvaltninga i sjø og for strandsona. Planen skal sikre innbyggjarar og andre tilgang til rekreasjonsområde i strandsona og i sjø, ivareta viktige naturverdiar og legge til rette for ei hensiktsmessig næringsutvikling.

ORGANISERING

Planen er utarbeida av Osterøy kommune v/planavdelinga. Formannskapet er styringsgruppe for planarbeidet og planutvalet er nedsett som politisk arbeidsgruppe.

BAKGRUNN FOR PLAN

I gjeldande planstrategi (2012-2016) heiter det: *Kdp strandsone og kystsoneplan: «Strandsona og sjøareal var ikkje tema i rulleringa (av gjeldande Kommuneplanen sin arealdel 2011-2023). Det vert foreslått å utarbeide kommunedelplan».*

Planen skal sikre ein overordna og heilskapleg arealavklaring for sjø og strandsona.

Planområde

Det har kun vert opna for innspel om arealendringar i strandsona og ut til kommunegrensa i sjø. Med strandsone meiner ein det som er kartlagd som funksjonell strandsone eller 100 m beltet på land.

Det er i eit tilfelle (område 1 – Kleiveland) gjort arealendringar ut over denne planavgrensinga for å sikre ein heilskapleg arealforvaltning.

Tilhøvet til Kommuneplanen sin arealdel

Nytt plankart (vedlegg 3) og føresegner (vedlegg 2) vert gjeldande for heile kommunen sitt areal. Bakrunnen for dette er vedteken kommunal planstrategi der det er sett opp ei mindre justering av kommuneplanen sin arealdel for å korrigera tekniske feil og andre feil og mindre justeringar i plankartet som vart oppdaga etter den vart vedteken i 2011. På bakgrunn av dette har ein valt å inkludere alt arealet til kommunen i plankartet i utarbeiding av Sjø og strandsoneplanen samt samanfatte gjeldane føresegner for kommuneplanen sin arealdel med forslag til føresegner utarbeida for Kommunedelplanen. På denne måten unngår ein også å måtte operere med to sett føresegner og to sett plankart i sakshandsaming av til dømes byggesaker og private planar.

Rammer for planen

Planprogrammet vart vedteke av Heradsstyret 17.06.15. Planprogrammet set rammene for planarbeidet. I samband med vedtak av planprogrammet vedtok Heradstyret vurderingskriteria. Planprogrammet og vurderingskriteria er dei lokale føringane som ligg til grunn for utarbeiding av planen og for vurdering av innspel og arealendringar.

VURDERINGSKRITERIE OG MÅLSETNING FOR ARBEIDET MED KOMMUNEDELPLAN FOR SJØ OG STRANDSONE

1. I nye og eksisterande byggjeområde skal det vera korridorar mot sjø slik at ålmenta har tilgong til strandsona.
2. Det skal ikkje opnast for ny utbygging i strandsone med store verdiar. Store verdiar er definert som dei verdiene som vert gitt særskilt vekt gjennom den funksjonelle strandsonekartlegginga, utgreiingsarbeid av friluftsliv, kulturminne og næring, og barnetråkkregistreringar.
3. I naustmiljø bør det etablerast fellesløysingar for bryggjer.
4. I områdesentra skal det vera ein strengare praksis på kva som er tillate enn det er i område med mindre byggjepress.
5. Det er eit mål å sikre tilstrekkeleg båtplassar i kommunen. Ein bør organisere og lokalisere småbåthamner og gjestehamner på ein tenleg måte som tek omsyn til bruk på land og i sjø. Aktuelle problemstillingar kan vere naturverdiar, friluftsinteresser, rekreasjonsområde, tettstadutvikling og trafikkavlastning. Nye småbåthamner og gjestehamner skal ikkje bygge ned verdifulle strandsoneareal.
6. Nye bustad eller fritidsbustadområde skal ikkje etablerast innan funksjonell strandsone.
7. Innspel skal vere i samsvar med føringane i «Rammeplan for avkøyrsla og byggjegrenser på riks- og fylkesvegar i Region vest» (2013 – 2016).
8. Havnivåstigning må takast omsyn til i vurdering av nye byggområde langs sjø.
9. Nye næringsareal i strandsona skal i hovudsak vere til sjørelaterte næring. Sjørelaterte næringar er definert som næringar med konkrete behov for tilgang til sjø.
10. Nye kaianlegg skal vurderast i høve til behov, omland, sambruk og fysiske forhold knytt til strandsone, sjø og sjøbotnen.

Utbygging av nye næringsareal skal i hovudsak lokaliserast til område som er bebygd frå før, men det skal takast omsyn til barnetråkkregistreringar, friluftsinteresser, trafikkavlastning, eksisterande infrastruktur og ueheldig samlokalisering.

Kartlegging AV strandsone

Ei god forvaltning av strandsone må bygge på kunnskap om kva verdiar som ligg her. Det er difor gjennomført ei kartlegging av verdiene i strandsona, som omfattar mellom anna friluftsliv, landskap, naturmangfold og kulturminne. På bakgrunn av kartlegginga er den eigentlege strandsona fastsett, kalla funksjonell strandsone. Dette dannar grunnlag for fastsetting av ny byggjegrense mot sjø som skal erstatte 100 m byggjegrense (fastsett i plan- og bygningsloven for alle område som grensar til sjø der anna byggjegrense ikkje er sett). Ny byggjegrense er berre vurdert i område avsett som eksisterande eller framtidig byggjeområde (føremål i plankartet). I området som ligg med føremål LNF i kommune(del)planen er det sett 100 m byggjegrense mot sjø.

Gjennomgang av arealendringar

I samband med merknadsperioden kom det til saman inn 43 innspel som omfattar arealendringar og andre merknadar. Der er også teke inn arealendringar på bakgrunn av kartlegging og medverknad

samt nokre føremål som er vurdert å vere av interesse for ålmenta.

I nokre saker som har vert til handsaming i formannskap og utval er det gjort vedtak som til dømes «omsøkte tiltak skal handsamast i rullering av kommuneplan» eller «utsett i påvente av kommuneplan». Dei sakene som inngår i planområdet har ein vurdert etter same kriteria som andre innspel.

Konsekvensutgreiing og risiko- og Sårbarhetsvurdering av nye areal

Konsekvensar av arealendring og risiko og sårbaranalyse er utført for alle arealendringane som er vurdert, jf. vedlegg. I konsekvensutgreiinga er det vurdert til saman 49 arealendringar. På bakgrunn av desse vurderingane er dei ulike tiltaka tilrådd eller ikkje-tilrådd. Innspel som er tilrådd er lagt inn i kartet (sjå vedlegg 3).

GJENNOMGANG arealendringar

Samla oversikt over areal som er vurdert er å finne i Vedlegg 4 Konsekvensutgreiing kap. 4, side 182.

Bustad og fritidsbustad

Planprogrammet har stadfesta at det ikkje skal opnast for nye bustadar eller fritidsbustadar. Det er i utgangspunktet ikkje opna for nye bustadområder. Eit av områda har ein forhistorie med vedtak i formannskapet og er på bakgrunn av dette vurdert i planframlegget. Bustad og fritidsbustad er omtala i kapittel 3.3 i planskildringa (vedlegg 1) og etter geografisk område i konsekvensutgreiing (vedlegg 4).

Naust

Det er kom innspel om 11 naustområder til kommunedelplanen. Av desse er 6 heilt eller delvis teke inn i planen. Alle innspel som er tilrådd er knytt til eksisterande naustområde, og ligg inne som ei utviding eller fortetting.

For å unngå bruk av naust som fritidsbustad eller anna som vil føre til auka privatisering av strandsona er det sett klåre føresegner som syner kva som er tillate i naust. Dette inneber at det er lov til å leggja inn vatn i naust men ikkje lov til å setje inn toalett eller dusj. Det er sett føringar for størrelse på naust på inntil 40 m² og inntil mønehøgde på 5 m. Dette vil sikre at bygningane vert nytta til føremålet. Det er sett krav om reguleringsplan for tiltak i naustområde. Naust er omtala i kapittel 3.4 i planskildringa (vedlegg 1) og etter geografisk område i konsekvensutgreiing (vedlegg 4).

Småbåthamner

I kommunen ligg det i dag 9 større småbåthamner. Desse er lagt inn i planen med korrekt føremål og med moglegheit for mindre utviding. Det er krav om reguleringsplan for utviding.

Det er vurdert 3 nye lokaliseringar for småbåthamn i Fotlandsvåg. På bakgrunn av konsekvensutgreiinga er det alternativ 3 som er tilrådd, på bakgrunn av at her er dei negative verknadane minst og at det her er større areal enn lenger inne vågen. Småbåthamner er omtala i kapittel 3.5 i planskildringa (vedlegg 1) og etter geografisk område i konsekvensutgreiing (vedlegg 4).

Næring

Det er kome inn 5 innspel om næringsareal. Tre er tilrådd. Områda, innspel og vurderingar er skildra nærmare i kapittel 3.6 i planskildringa (vedlegg 1) og etter geografisk område i konsekvensutgreiing (vedlegg 4).

Grøntområder

Det er lagt inn 12 nye områder som friområde eller friluftsområder. Det er i dag 13 område i gjeldane kommune- og reguleringsplan som er avsett til friområde eller friluftsområde. Det er opna for at fleire av områda skal kunne leggast til rette for allmenn bruk gjennom føresegner som opnar for etablering av gangvegar, toalett, sitjegrupper og liknande. Grøntområde er nærmare skildra i kapittel 3.7 i planskildringa (vedlegg 1) og etter geografisk område i konsekvensutgreiing (vedlegg 4).

Akvakultur

Det er i dag 17 område for akvakultur i sjø i kommuneplanen og 8 av desse har konsesjon til å drive oppdrett. Sørfjorden er ein av dei mest intenstive område for oppdrett i Hordaland. Vassutskiftinga i fjord systemet er därleg grunna mange tersklar mellom Osterfjorden og kysten. Særskild gjeld dette Sørfjorden innafor Votlo.

Undersøkingar syner at miljøtilstanden i Sørfjorden har hatt ei negativ utvikling. Både under anlegga og på punkt ute i fjorden er det påvist ei negativ utvikling. Årsaken er utslepp av organiske partiklar frå anlegga som sedimentera på botn. Tilstanden lenger ute i Osterfjorden syner ikkje ein like markert negativ trend. Næringa har etter pålegg frå regionale styresmakter sett i verk tiltak for å redusera utslepp av organiske partiklar samt eit overvakingsprogram for å sjå på endringar over tid (fleire år). Eit av tiltaka er å kunne bytte ut stålanlegg nytta i dag til store plastringar. Det er kome inn totalt fire innspel til arealendring knytt til akvakultur. Det er sett krav om reguleringsplan for alle akvakulturanlegg. Føremål akvakultur er skildra i kapittel 3.8 i planskildringa (vedlegg 1) og etter geografisk område i konsekvensutgreiing (vedlegg 4).

Vurdering

Planframlegget legg opp til 32 arealendringar i strandsona. Dei fleste områda er knytt til eksisterande infrastruktur og eksisterande bygningsmasse. I tillegg er det fleire arealendringar som er stadfesting av eksisterande bruk. For å sikre fri ferdsel i strandsona er det spesifisert at det ikkje er lov til å setje opp fysiske stengsel eller andre tiltak som kan hindre ferdsel. Planframlegget sikrar nye areal til friluftsliv og opnar for 12 nye friområde og friluftsområde. Samstundes vert det opna for nedbygging av strandsone gjennom nye byggjeområde. Styring av arealbruken gjennom føresegner og lokalisering i område med infrastruktur og eksisterande bygg gjer at dei negative verknadane vert små.

Kartlegging av funksjonell strandsone og fastsetting av ny byggjegrense gjer ei god, lokalt tilpassa byggjegrense. Verdiene i strandsona vert ivaretatt samstundes som områder som er nedbygd og utan verdiar for ålmenta får andre rammer for å gjennomføre tiltak.

Naturmangfold

Det er ikkje opna for tiltak i områder med registrerte naturtypar. Arealendringar som kan kome i konflikt med område som kan ha verdi for naturmangfold er justert eller tekne ut. Føreslegne endringar for akvakultur vil sikre mindre utslepp lokalt av organiske partiklar. Dette vil bidra til ein

betre miljøtilstand i og rundt anlegga. Dette vil ha ein positiv effekt på naturmangfald i høve til dagens situasjon. I tillegg vil færre areal for akvakultur og miljøkrav til anlegg i Sørfjorden føre til at smittepresset av lakselus frå oppdrettsfisk til villfisk vert mindre. Den samla effekten på naturmangfald vert vurdert til å vera liten slik planframlegget ligg no.

Kulturminne

Vurderinga av kulturminne er i dette planarbeidet i hovudsak basert på eksisterande SEFRAK-register, lokal kunnskap og oversikt over verna eller sikra kulturminne i kommunen. Det er ikkje planlagd større byggjeprosjekt som kjem i direkte konflikt med viktige kulturminner. Det er lagt inn fleire område med naust i område der det ligg SEFRAK-registrerte bygg. I tillegg er det gjeve løyve til opprusting og vedlikehald av den gamle dampskipskaien på Kleiveland. Dette er tiltak som potensielt kan føre til negativ verknad for kulturminne. Det er lagt inn føresegner som seier at det skal visast særskild omsyn ved etablering av tiltak i desse områda. Det er lagt inn 21 omsynssoner for bevaring kulturmiljø og 14 omsynssoner for bandlegging etter lov om kulturminner i planen. Det er Rådmannen si vurdering at omsyna til kulturminne er godt ivareteke i planen.

Samfunnstryggleik

Klimaendringar vil sannsynlegvis medføre større nedbørsintensitet og auke i havnivå, og som følgje av dette fleire uønska hendingar knytt til klima. Planen har sett omsynssoner rundt alle vassdrag for å kunne ivareta flaumrisiko og det er krav til at alle tiltak som ligg i aktsemddssone skred skal vurderast av ein fagkunnig. Venta havnivåstigning i tillegg til spring- og stormflo er estimert til 222 cm i 2100. I tillegg vil bølgjepåverknad gje lokale forskjellar. Det er sett krav om minimum golvnivå på kote +3 for rom som skal nyttast til opphold eller bustad. Nye tiltak er vurdert i høve til risiko- og sårbaranalyser (ROS) og ein vurdera at nye tiltak ikkje endrar risikobiletet.

Akvakultur

Endringane planen legg opp til for akvakultur er store. Å ta ut så mange areal kan føre til at det vert vanskelegare å etablera ny akvakultur framover. Ettersom areala ikkje har tenleg størrelse eller lokalisering ut frå tilgjengeleg teknologi er det likevel tilrådd å ta desse ut. Gjennom å redusera tal på akvakulturområde i planen og heller ha få, store områder vil desse ta opp store areal i fjorden. Ein har vurdert at mange areal tett på strandsona har større negative verknadar enn få og store areal lenger frå land. Næringsaktørane har også gitt utrykk for at dei ynskjer dette. Etter vurderingar har ein valt å leggja dei store areala lenger ut i fjorden enn det som er innspelet ettersom ein har motteke merknadar som uttrykker seg negativt til at det ligg akvakultur tett på strandsona.

Det er kome innspel om å flytte produksjonen på lokalitetane Kvamme og Øyjordsvika til Angelskår og Tepstad og med det redusera talet på lokalitar i dette området frå 4 til 2. Dette inneber at det er 2 nye, store område som vert lagt ut til akvakultur. Lokalitetane Angelskår og Tepstad vert utvida og flytta lenger ut i fjorden, for å sikre ferdsel i sjø langs strandsona og for å dempe konfliktnivået knytt til å ha anlegg nære land. På bakgrunn av utfordingane med miljøtilhøva i Sørfjorden er det sett miljøkrav til anlegga om at det ikkje skal vera utslepp av organiske partiklar til sjø. Anlegget på Skaftå er utvida slik at det skal vera mogleg å flytte aktiviteten på lokalitet Blom til dette området. Dette er miljømessig forsvarleg i høve til miljøkrav som er sett. Rådmannen vurderer at eit generøst areal på denne lokaliteten kan gjere det meir attraktiv å investere i ei ny driftsform for oppdrett i sjø. Areal til lokaliteten Blom er tilrådd teken ut.

Krav om reguleringsplan for akvakulturanlegg er sett for at kommunen skal kunne ha høve til å vurdera utforming av anlegget og kunne på detaljnivå setje krav til tiltak som for eksempel støy, lys, fargeval, med meir. Akvakulturanlegg er industriområde som dekkjer opp til 100 dekar. Med plankrav sikrar ein også at næringsverksemd i sjø får lik handsaming og prosess som næringsaktivitet på land.

Strenge miljøkrav på akvakulturlokaliteten på Skaftå vil føre til ein betra miljøtilstand i indre delar av Sørfjorden. Ein konsekvens av strenge krav kan vera at ein avviklar drifta av lokalitetane Blom og Skaftå, og at kommunen gjennom dette mister verdiskaping og arbeidsplassar. Vekting mellom verdiskaping, vekst og miljø er utfordrande. Samstundes vurderer rådmannen at strenge krav for å verne sårbart miljø saman med eit raust avsett areal kan vere med på å drive fram utvikling og investering i nye driftsformer i akvakulturnæringa.

At drifta på lokaliteten Vikne no er lagt ned (mellombels konsesjonsløyve er utgått og ikkje fornya grunna därleg miljøtilstand på lokaliteten) vil føre til mindre utslepp til fjordsystemet. Tiltak som vert gjennomført av Lerøy/Sjøtroll AS for å redusera utslepp av organiske partiklar kan òg medføre ei betring av miljøtilhøva. Dette må vurderast opp mot dei mogleg negative konsekvensane som strenge miljøkrav til lokaliteten på Skaftå kan føre til. Det er rådmannen si vurdering at indre delar av Sørfjorden er svært sårbar og at framtidig arealbruk må være berekraftig og ivareta naturmiljøet.

Vurdering av framlegg til plan og vurdering av ny innspelsrunde

Det er rådmannen si vurdering at planframlegg til Kommunedelplan for sjø og strandsone (Sjø- og strandsoneplanen), planID 12532010001, med tilhøyrande dokument vedlegg 1 til 8 er godt gjennomarbeida i høve til vedteke planprogram og vedtekne vurderingskriteria og kan leggast ut til første gongs høyring og offentleg ettersyn, jf. PBL § 11-14.

Det kom inn få innspel i høve til det som varforventa ved oppstart av planarbeidet. Ettersom det har vore fleire enkeltsaker i Plan- og kommunalteknisk utval som gjeld dispensasjon frå gjeldande kommuneplan om tiltak i strandsona venta ein at det skulle kome fleire innspel. Rådmannen er usikker på kva som er årsaka til at det kom færre innspel enn ein trudde.

I samråd med arbeidsgruppa meiner rådmannen at det er grunnlag for å opna for ein ny innspelsrunde.

Dette kan vere med på å sikre at fleire situasjonar med ønske om endra bruk i strandsona vert vurdert på eit overordna nivå og på same grunnlag. På denne måten kan ein få ein meir robust plan som står seg og som ikkje er så lett å undergrave med dispensasjonar. Å vurdere problemstillingane i ein overordna plan vil sikre ei lik og heilskapleg forvaltning av strandsona.

Ulempa med å opne for nye innspel er at vedtak av planen vil forskyvast i tid. Dette vil få konsekvensar for ressursbruken til administrasjonen, anna planarbeid vil måtte forskyvast samt saker som er utsett i påvente av plan vil måtte vente enda lengre på avklaring. Også reguleringsplan for Holmane næring ventar delvis på avklaringar i sjø- og strandsoneplanen. Eit alternativ kan vera å vente med nye innspel til rulleringa av kommuneplanen sin arealdel. Ei rullering av kommuneplanen sin arealdel, KPA, bør ikkje ta til før kommuneplanen sin samfunnsdel er vedteken. Ny kommunal planstrategi vil fastsette ønska oppstart av rullering av KPA. Dersom ein vel å legge planen ut til høyring og offentleg ettersyn, og det ikkje kjem merknadar eller motsegner som vil medføra store endringar i planframlegget, vil det være mogleg å vedta Sjø- og strandsoneplanen første møtet i Heradstyret hausten 2016. Opnar ein for nye innspel skal planen på ny høyring og endeleg vedtak vil tidlegast kunne skje våren 2017.

Det er fordelar og ulemper med å opne for ein ny runde med innspel. Rådmannen meiner at planen som styringsverktøy vert betre med ein ny innspelsrunde og at dette må vektast meir enn omsyn til ressursbruk og andre planer som vil måtte avvente framgang og oppstart.

Konklusjon

Planframlegget tek omsyn til dei viktige interessene i strandsona samstundes som det vert opna for tiltak der dei negative konsekvensane er små. Planen balanserer difor bruk og vern av strandsona på ein god måte. Det er lagt opp til ei forvaltning av sjøareala med utviding av akvakulturlokalitetar der

dei miljømessige tilhøva ligg til rette for det, medan det er sett rammer for miljøpåverknad i område som syner ein negativ miljøutvikling.

Rådmannen ser at planen kan bli eit betre styringsverktøy dersom det vert opna for ein ny innspelsrunde i samband med fyrste gongs offentleg ettersyn.

Rådmannen tilrår difor at planen vert handsama og lagt ut til fyrste gongs offentleg ettersyn i medhald av PBL § 11-14 og at det vert opna for å kome med merknadar og innspel til arealendringar innafor rammene i vedteke planprogram og vedtekne vurderingskriteria.